

# Slik vil kalven ha det

## ATFERD

**Britt I. F. Henriksen**  
Bioforsk Økologisk  
Britt.henriksen@bioforsk.no


■ Denne artikkelen bygger vidare på artikkelen i Buskap nummer 8 i 2008 «Slik vil kalven ha det». Den artikkelen hadde fokus på kva som er naturleg åferd hos kalvar, og korleis dei minste kalvane som går med kua vil ha det. Denne artikkelen tar for seg kalvane etter at dei er skilt frå kua.

### Kor bør kalven plasserast?

Kalvane bør plasserast slik at det er lett å ha tilsyn med dei, og helst slik at ein ikkje kan unngå å sjå dei i det daglege fjøsstellet. Dette er og viktig ved eventuell plassering av kalvehytter ute. I tillegg er dette viktig for at kalven skal bli vant til menneske. Kalven må ikkje blir utsett for konstant trekk eller fukt, noko som vil kunne gi kalven stort varmetap. Å plassere kalveboksar inn til ein yttervegg er derfor ikkje det beste på grunn av trekk i form av kaltras frå vindauge og luftinntak. Eventuelt kan slik trekk bli styrt unna med ei plate som dirigerer kaldlufta opp mot taket.

### Tørr og trekkfri liggeplass

I uisolerte fjøs er det ekstra viktig med tørr og trekkfri liggeplass for kalvane, og liggeunderlag med låg varmeleiingsevne (for eksempel porøse lettmatter og strø, halm eller rikelege mengder anna tørt strø). Spedkalvane bør gå i toklimarom, det vil seie delvis isolert liggeavdeling med tre veggar og tak, og ikkje isolert aktivitetsavdeling. I dei aller kaldaste områda i Noreg bør spedkalvane plasserast i isolert avdeling. I bingen med spaltegolv eller skrapa gangareal med liggeplass i bakkant, bør liggepllassen til kalvane hevast 15 til 20 centimeter frå gangarealet (opp til 100 kilo levande vekt). I tillegg bør liggeplassen ha eit fall på rundt 10 pro-



Kalvene bør oppstalls i tørt og trekkfritt, og slik at det er lett å ha tilsyn med dei i de

sent avhengig av kor djup bingen er. Dette for å redusere tilgrising av liggearealet. Det er forskriftsfesta at kalvane skal ha tett golv på liggeplassen, men dette er langt ifrå tilfellet i alle norske kalvefjøs. Det er anbefalt minst 0,5 kvadratmeter/dyr til liggeplass til kalvar opp til 100 kilo levande vekt, og minst 0,7 kvadratmeter/dyr opp til 150 kilo. I økologisk produksjon gjel-


der det at minst 0,75 kvadratmeter /dyr av arealet skal ha tett golv for kalvar opp til 100 kilo levande vekt og 1,25 kvadratmeter /dyr opp til 200 kilo levande vekt. Det er viktig å bruke rikelig med strø på liggeplassen, både for å gjøre liggeplassen mjuk (forskriftskrav) og tørr. Dagleg reinhald, kanskje fleire gonger om dagen, er nødvendig for tilfredsstillende reinhald i bingen.

Kalvane bør plasserast slik at det er lett iha tilsyn med dei, og helst slik at ein ikkje kan unngå å sjå dei i det daglege fjosstellet.



Foto: Britt I.H. Henniksen

**Gruppestorleik og dyreflyt**  
Gruppehald av kalv er bra om ein ser på dyras behov av rørsle og sosiale kontaktar, men frå smitte-synspunkt er det ei utfordring. Nøye tilsyn og hygiene er nødvendig. I tillegg er det ein fordel å halde saman gruppene dei første månadene (det vil seie ikkje blande dyr). Aldersforskjellen innom gruppa bør maks være fire veker (gjerne



Spedkalv i to-klimabinge.  
Foto: Inger Hansen

tre veker hos dei minste kalvane), på grunn av sugeproblematikk og smittepress. Eldre kalvar overfører gjerne smitte til yngre kalvar, til tross for at dei ikkje er klinisk sjukke. Gruppas samansetning er og viktig for at det sosiale samspelet skal fungere, for eksempel for å unngå at små eller svake individ blir «mobba». Stor forskjell i alder eller storleik kan skape taparar som ikkje klarer seg i konkurransen om vatn, før og plass. Start med små grupper av kalvar, gjerne med maks tre dyr fram til tre vekters alder. Gruppa bør deretter ikkje være større enn seks dyr for kalv som blir føra med mjølk. Etter avvenning er det faktisk betre at gruppa ikkje er for lita, særleg om ein må blande kalvar som ikkje kjenner kvarandre frå før. Forsking ved UMB tyder på at optimal gruppestorleik er rundt åtte kalvar, men at heilt opp til 16 kalvar kan fungere godt gitt at forskjellen i storleik og alder ikkje er for stor.

#### Planlegg flytting

Ved plassering av kalveboksar og bingar i forhold til resten av besetninga bør ein tenke igjennom kva

som er mest praktisk i forhold til flytting av dyr etter kvart som dei veks. Dyra bør flyttast mest mogleg saman med «kameratar» som dei har stått saman med før, og helst i puljedrift, det vil seie «alle inn og alle ut» av ein binga samtidleg. Dette for å minske det sosiale presset som oppstår når ein blandar dyr som ikkje kjenner kvarandre frå før og for å halde smittepresset nede. Bingen skal gjerast nøye rein mellom kalvegruppene, og gjerne stå tom nokre dagar.

#### Kalvehytter

Kalvane kan også oppstallast utan-dørs i kalvehytter (enkle overbygg og ein meir skjerma avdeling med veggar på liggeplassen) eller igloar. Slike system har lågt smittepress, og har vist høg tilvekst og friske dyr. Det er viktig at kalvane har halm eller anna tilsvarende varme-isolerande liggeunderlag, og at ein har dagleg kontroll av vasstilgang og eventuelt førautomatar vinters-tid. Alle vassinstallasjonar må frost-sikrast. Ved plassering ute er det viktig å ta omsyn til dominerande vindretningar for å unngå trekk.

#### Nok plass til å utføre naturleg åtferd

Kalvar skal ikkje være i enkeltbok-sar etter åtte vekters alder. Kalvar i økologisk drift får bli i enkeltboks berre første veka etter fødselen. Deretter må den flyttast saman med andre kalvar, slik at oppdrettet mest mogleg tilsvarer artens naturlege åtferd. Her må røktaren være oppmerksam på at ikkje kalvane sug på kvarandre. Dette kan føre til ødem, og bli ein innfallsport for infeksjonar. Kalvar søker tidleg sosial kontakt med andre dyr, og kalvar i enkeltboksar skal kunne ha augekontakt og kunne røre andre

fortsetter neste side

# Slik vil kalven ha det

fortsetter fra forrige side



Kalvane til bonde Ivar Wang i Nord-Trøndelag har eige kalvefjøs med halmunderlag og iglo til liggeplass. Foto:HINT

kalvar. Men halve veggen bør likevel være tett nedanfrå og opp for å unngå trekk på kalven når den ligg. Kalvar som går i gruppe saman med andre har meir sosial åtferd som kroppsplie, dei leikar meir og har mindre aggresjon og mindre fluktåtferd. Når dei ligg ned skal dei ha plass til å strekke ut beina, og alle skal kunne ligge samtidig. Forsking ved UMB har vist at for leik bør kalvar optimalt ha over 3,0 kvadratmeter totalt å bolstre seg på. Dei norske krava til fritt areal er på 1,5 kvadratmeter opp til 150 kilo med anbefaling om minimum 2 kvadratmeter. Økologisk regelverk set krav på 1,5 kvadratmeter opp til 100 kilo og 2,5 kvadratmeter opp til 200 kilo, men dette er også minimumskrav.

## Beite

Kalvar i økologisk drift skal ut på beite om sommaren. Da er det viktig å tenkje på både ly og le for vær og vind, og tilgang til vatn. Sjølv små kalvar kan ta opp ikkje ubetydelege mengde gras frå beite. Kalvane får dessutan styrka skelettet og muskulaturen gjennom sosial leik og anna fysisk aktivitet. Vær oppmerksam på fare for smitte med innvolsparasittar, og bruk ikkje same utearealet til kalvar fleire sesongar etter kvarandre.

## Velferdsplanlegging

For å lukkast i kalvehaldet er det avgjerande med god drift og planlegging. Det hjelpt lite med ei god oppstalling for kalvane om handteringa, føring og sjukdomshandtering/førebygging ikkje er god.

«Aniplan kalv» er eit pågående prosjekt som skal utvikle eit opplegg for velferdsplanlegging for kalv på økologiske mjølkeproduksjonsbruk. Det blir utvikla ei sjekkliste over kritiske velferdspunkt i kalvedrifta. Velferdsverderinga dannar grunnlag for diskusjon mellom bonde og rådgjevar, som skal resultere i utarbeidning av ein helse- og velferdsplan med viktige punkt som røktaren vil jobbe vidare med til neste besøk. Prosjektet er ein del av eit EU-finansiert prosjekt der 11 forskingsinstitusjonar frå sju land delta. Frå Noreg deltar Veterinærinstituttet, Bioforsk Økologisk og Bioforsk Nord Tjøtta. Deler av prosjektet blir utført i samarbeid med Helsenesten for storfe. ■

## FAKTA

- Plasser kalvane slik at det er lett å få tilsyn
- Kalven må bli vant til mennesker
- Unngå trekk og fukt
- Tørr og trekkfri liggeplass med tett golv
- Maks fire veker aldersforskjell i gruppe
- Gruppesterleik: 3 fram til 3 veker, maks 6 ved mjølkesøring og 8–16 etter avvenning
- Planlegg flytting – puljedrift optimalt
- Nok plass til naturleg åtferd
- Toklirom for spedkalver i uisolerte fjøs
- Kontakt mellom kalvar i enkeltboks
- Ikke same uteareal til kalvar fleire sesongar etter kvarandre

## Smått til nytte

# Unngå varmeutvikling

Hvis temperaturen i grovføret av en eller annen årsak øker med seks grader celsius forsvinner/fordamper 15 prosent av energien. Hvis du tror du gir 10 FEm med slikt før gir du i realiteten bare 8,5 FEm.

Kvæg 3/2009

# Godt for klauvene

Rene gangarealer, beite og klauvskjæring av alle kyr tre ganger i året er positivt for klauvhelsen. Det er konklusjonen til et ekspertpanel nedsatt av Dansk Kvæg. Negative faktorer for klauvhelsen er dårlig underlag i drivganger, lang oppholdstid på oppsamlingsplass for melking, fast betonggolv og golvarealer uten rengjøring.

Kvæg 3/2009

# Halvparten bruker kjønnssortert sæd

Interessen for kjønnssortert sæd er stor i Danmark og av de 125 deltagerne i Dansk Kvæg Landmandspanel er det halvparten som bruker kjønnssortert sæd i sin besetting og den andre halvparten har overveid å gjøre det. Riktignok er det 35 prosent som kun har brukt det for å teste det ut.

Viktigste årsaken til å bruke slik sæd er å få flere kviger og forbedre besetningen avlsmessig.

70 prosent av de som ønsker å bruke kjønnssortert sæd vil bruke det i forbindelse med utvidelse av besetningen og slik redusere behovet for innkjøp av kviger.

Kvæg 3/2009